

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

| | | | |
|------------|--|-------|-------------------------------|
| Tidspunkt: | Torsdag 29.04.21 SU kl. 18:00-19:15 | Stad: | Digitalt møte på Teams |
|------------|--|-------|-------------------------------|

Desse var kalla inn:

| | |
|---------------------------|--|
| Birte Berge Antvedt | Foreldrerådet, leiar FAU |
| Christine Brogstad | Foreldrerådet, nestleiar FAU (meldt avbod) |
| Lisbeth Kvalheim | Undervisningspersonalet |
| Ingvild Langeland Tellnes | Undervisningspersonalet (meldt avbod) |
| Monica H. Sæle | Andre tilsette |
| Hege Misje | Kommunal representant, politisk |
| Anita Vabø | Kommunal representant, rektor |

Sak nr.

29-20/21**17-mai:**

FAU-leiar informerer om at Landro skule vil vere representert i bilkortesjen på 17.-mai. Det er Astrid B. Engeseth som skal køyre bilen. Vi drøfta pynting av bilen, og i etterkant av møtet vart det landa på at Astrid står for pyntinga.

Det blir ikkje noko 17-mai arrangement på Landro skule på sjølve dagen. Vi er opptekne av at elevane våre skal få oppleve «17-mai stemning» på skulen i forkant. Onsdag 12. mai skal vi difor i samarbeid med FAU ha vår eigen 17. mai-feiring på skulen. I år vil alle elevane delta i feiringa.

Vi startar dagen med 17. mai-tog. Det blir utvida rute med start på skuleplassen, via Landro kyrkje og ned att på parkeringsplassen. På parkeringsplassen blir det kåring av beste heiarop. Representantar frå fau er i juryen. Vi må tenke smittevern og ha avstand mellom kvar klasse/trinn. Deretter skal vi ha ulike tradisjonelle 17. mai aktivitetar på skuleplassen. 1.-4. trinn før lunsj, og 5.-7. trinn etter lunsj. Vi er så

| | |
|---|--|
| | <p>heldige å få besøk av korpset kl. 12:00. Dei vil gjennomføre ein konsert på skuleplassen.</p> <p>FAU kjøpar inn premiar til 17. mai-feiringa på skulen, og foreldrekontaktane tek ansvar for at kvar klasse får levert bakst/kake. Skulen kjøper inn is til elevane.</p> <p>For at føresette skal få sjå litt glimt frå feiringa på skulen, vil Frode Ims (far til elevar ved skulen) filme. Filmen vil bli delt på skulen sin heimeside, og evt. i kommunen si sending på 17. mai dersom det let seg gjere. Skulen sender ut samtykkeskjema til føresette med tanke på filminga.</p> |
| <p>30-20/21</p> | <p>Oppdatering vedr. henteplass for minibuss på Misje frå hausten av:</p> <p>I tidlegare SU-møte har vi drøfta forslag frå Samferdsle om endring av henteplass for elevane som tek minibussen på Misje. Deira forslag var at elevane kunne hentast ved gamle Misje skule. Denne saka har også vore drøfta i FAU.</p> <p>Skulen har på ny vore i dialog med samferdsleavdelinga i kommunen. Vi er no einige om at minibussen køyrer heilt nord på Misje og snur på den offentlege kaien. Då kjem elevane på i Gamlevegen (ved Fjæro/Mattisbrekko), slik dei gjer i dag. Minibussen vil ikkje nytte den private kaien for å snu.</p> |
| <p>31-20/21</p> | <p>Vurdering endring av kringsgrenser:</p> <p>Viser til sak vi har drøfta tidlegare: «kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer justering av kringsgrensene i lys av skulestrukturen i nordre del av den nye kommunen. Prosessen må følgje forvaltningslova sine krav til høyringsrunde før vedtak. Øyene Misje og Turøy har kort avstand til Toftøy skule. Toftøy skule har ledig kapasitet. Ågotnes og Landro er eit område med høg folkevekst».</p> <p>Administrasjonen har lagt fram saka, men politikarane ønskjer meir utgreiing før dei vurderer vidare. Saka skal opp att på ny 9. juni.</p> <p>Både SU, FAU og elevrådet vil skrive uttale dersom saka kjem ut på høyring. Det er mange omsyn som skal takast ved vurdering av nærskule, og omsynet til barnet sitt beste skal vege tungt.</p> |
| <p><i>Referent:</i> <i>Anita Vabø</i> <i>Rektor</i></p> | |